

**MØTEPROTOKOLL**

Utval: Formannskapet
Møtestad: *KST sal Myravegen 11*
Dato: *12.02.2018*
Møte tok til *12:00*
Møte slutta *13:15*

Formannskapet var kalla inn i samsvar med kommunelova § 32, pkt.2 og reglementet til Hareid kommune.

Innkallinga og saklista har vore kunngjord med oppslag i rådhuset.

Medlemene har vorte varsla skriftleg via e-post. Saksdokumentene har vore utlagde til ålment ettersyn på heimesida til Hareid kommune frå 07.02.2018.

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerar
Ranja Dimmen Alme	Medlem	FOHAR
Jeanette Teigene	Medlem	FRP
Oskar Jarle Grimstad	Medlem	FRP
Anders Riise	Leiar/ordførar	H
Annika Brandal	Medlem	V

Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerar
Kristian Fuglseth	NESTL	FOHAR
Stian Runne Brandal	MEDL	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anne-Karete Mork	Utvalsekretær
Ragnhild Velsvik Berge	Rådmann
Kai Rune Bjørke	Kommunalsjef
Berit Aasen	Kommunalsjef
Silja Øvrelid	Einingsleiar
Bent Arild Grytten	Rådgjevar
Christina Steffensen	Einingsleiar

Ordførar Anders Riise leia møtet

5 voterande

Formannskapet handsama PS 10/18
Formannskapet handsama PS 11/18
Formannskapet handsama PS 12/18
 • RS 6/18 Orientering – nytt helsehus
Formannskapet handsama PS 13/18
Formannskapet handsama PS 14/18
Formannskapet handsama PS 15/18
Formannskapet handsama PS 16/18
Formannskapet handsama PS 17/18

SAKLISTE MED SAKSDOKUMENT



Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
	Politiske saker	
PS 10/18	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 11/18	Godkjenning av protokoll førre møte	
PS 12/18	Referatsaker	
RS 6/18	Orientering - nytt helsehus	
	Politiske saker	
PS 13/18	Mindre reguleringsendring - Iverskogen - PlanID 20150005	2017/1018
PS 14/18	Godkjenning av Planprogram - Kommundelplan for vatn og avløp	2017/1514
	Lukka møte:	
	<i>Off.lova § 13 jf. forv.lova § 13 - Lovbestemt teieplikt</i>	
PS 15/18	Utviklingssamtale med rådmann	
	Ope møte:	
PS 16/18	Rehabilitering av Engeskardtunnelen	2018/13
PS 17/18	Høyringsuttale frå Hareid kommune angående detaljregulering for Borgundfjordtunnelen	2018/345

Hareid, 07.02.2018

Anders Riise
ordfører

Anne-Karete Mork
utvalsekretær



POLITISKE SAKER

PS 10/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Formannskapet si handsaming:

Det var ingen merknad til innkalling.

Det var fylgjande merknad til saklista:

- *Einingsleiar Silja fremja innspel vedkomande Hareidsmyrane Nord – og orienterte.*
- *Ordførar Anders Riise H, fremja innspel vedkomande status på vatn og avløp til Røyset – einingsleiar Christina Steffensen orienterte*
- *Oskar Grimstad stilte spørsmål vedkomande Holstadfeltet, framdrift av grunnkjøp – kommunalsjef Kai Rune Bjørke orienterte*
- *Jeanette Teigene stilte spørsmål vedkomande status for ny fotballhall – kommunalsjef Kai Rune Bjørke svara*
- *Oskar Grimstad stilte spørsmål vedkomande oppstart av trafikktryggingssplan, – kommunalsjef Kai Rune Bjørke svara*

Annika Brandal V, hadde på førehand meldt inn fylgjande spørsmål:

- *Kva er status på rehabiliteringa på Hareid rådhus? Jobben er vel så stor at den må sendast ut i Doffin. Er dette gjort, og kva er framdriftsplanen her? Det var budsjettert med husleige på Myrane i 4 eller 5 månadar i 2018. Held vi denne planen?*

Kommunalsjef Kai Rune Bjørke orienterte og svara på spørsmålet.

- *For eit par-tre år sidan hadde Hareid Venstre oversendingsframlegg i kommunestyret der vi vedtok at Hareid kommune skulle søkje om støtte (frå m.a. fylket) til å etablere hurtigladarar på Hareid. Då eg ei tid seinare spurte om status, var det opplyst at dette vart overført til Hapark, og dei skulle/hadde søkt. No las eg at Ulstein kommune hadde fått støtte, men ingen ting om Hareid kommune, og der er heller ikkje registrert nokon søknad. Støtteordninga frå fylket er no avslutta. Kva skjedde?*

Ordførar Anders Riise H, orienterte og svara på spørsmålet.

Møtet vart lukka vedkomande avklaring av lønssituasjon, jf. Offentlighetslova § 23.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Innkalling vart godkjent utan merknad.

Saklista vart godkjent med merknadar som skissert over.



PS 11/18 Godkjenning av protokoll førre møte

Formannskapet si handsaming:

Det var ingen merknad til protokollen frå [møte 29.01.2018](#)

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Protokollen frå møte 29.01.2018 vart godkjent utan merknad.

PS 12/18 Referatsaker

Formannskapet si handsaming:

Ordførar Anders Riise orienterte og informerte om at fylkestannlækjaren kjem på synfaring, samt at det vert møte med lækjarane i Hareid kommune.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Referatsak teke til vitande.

RS 6/18 Orientering - nytt helsehus



POLITISKE SAKER

PS 13/18 Mindre reguleringsendring - Iverskogen - PlanID 20150005

Formannskapet si handsaming:

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Jamfør Plan- og bygningslova § 12-14, godkjenner Hareid Formannskap mindre reguleringsendring i reguleringsplan Iverskogen med PlanID 20150005 i samsvar med framlegg frå Per Mulvik AS vist på plankart datert 07.09.2017 samt tilhøyrande reviderte føresegner og planomtale.

PS 14/18 Godkjenning av Planprogram - Kommundelplan for vatn og avløp

Formannskapet si handsaming:

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

I medhald av Plan- og bygningslova § 11-13 og § 4-1 godkjenner Hareid formannskap Planprogram for Kommundelplan for vatn og avløp, datert 21.11.2017, sist revidert 02.02.2018.

PS 15/18 Utviklingssamtale med rådmann

Formannskapet si handsaming:

PS 15/18 vart handsama etter PS 17/18. Møtet vart lukka jf. forvaltningslova § 13. Ordførar Anders Riise H, fremja forslag om å utsetje utviklingssamtalen til møte 19.03.2018.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Utviklingssamtalen vert utsett til møte 19.03.2018



PS 16/18 Rehabilitering av Engeskartunnelen

Formannskapet si handsaming:

Ordførar Anders Riise H: fremja fylgjande endringsforslag:

Hareid kommunestyre vedtek at Engeskardtunnelen skal utbetrast med ei to-sidig bergskjering. Jfr. tilråding i rapport utarbeidd av Asplan Viak, dagsett 06.02.2018. Kostnadsramme kr 6 250 000 inkl. MVA.

Tiltaka skal leggest inn i investeringsbudsjettet for 2018 og vert finansiert med til saman kr 5 000 000 i bruk av lånemiddel og kr 1 250 000 i MVA-kompensasjon

Jeanette Teigene og Oskar Grimstad FRP, fremja fylgjande endringsforslag:

Punkt 1: står som det er.

Nytt punkt 2: Hareid kommune ber om ei nærmare utgreiing av dei to alternativa før endeleg konklusjon.

Røysting:

Det vart røysta slik:

Punkt 1: samrøystes vedteke

Nytt punkt 2: fall med 2 røyster for – 3 røyster mot

Punkt 2: tilrådinga vart røysta opp mot endringsforslaget til Anders Riise – endringsforslaget vedteke med 3 røyster for og 2 røyster mot.

Punkt 3: tilrådinga vart røysta opp mot endringsforslaget til Anders Riise – endringsforslaget vedteke med 3 røyster for – 2 røyster mot

Formannskapet si tilråding frå møte 12.02.2018:

Hareid kommunestyre vedtek at det skal gjerast ein reinsk av Engeskardtunnelen med tilhøyrande bergsikring, jfr. tilråding i rapport utarbeidd av Asplan Viak, dagsett 06.02.2018. Kostnadsramme kr 500 000 inkl. MVA. Tiltaket skal utførast straks det er muleg.

Hareid kommunestyre vedtek at Engeskardtunnelen skal utbetrast med ei to-sidig bergskjering. Jfr. Tilråding i rapport utarbeidd av Asplan Viak, dagsett 06.02.2018. Kostnadsramme kr 6 250 000 inkl. MVA.

Tiltaka skal leggest inn i investeringsbudsjettet for 2018 og vert finansiert med til saman kr 5 000 000 i bruk av lånemiddel og kr 1 250 000 i MVA-kompensasjon.

PS 17/18 Høyringsuttale frå Hareid kommune angående detaljregulering for Borgundfjordtunnelen

Formannskapet si handsaming:

Ordførar Anders Riise H, fremja fylgjande forslag til høyringsuttale:

Å betre infrastruktur i regionen er av stor viktigheit for å bygge ein robust og attraktiv bo- og arbeidsmarknadsregion rundt Ålesund.



For å sikre vidareutvikling av det verdiskapande næringslivet i regionen, er det difor viktig å leggje til rette for effektive kommunikasjonsløysingar, som Borgundfjordtunnelen og Hafast.

Hareid kommune sin uttale vektlegg at Borgundfjordtunnelen vil gi ein betydeleg innkorting av reisetida for trafikantar på aksen Hareid-Sula- Ålesund, men også dei som kjem frå Ørsta-Volda over Solevågen og skal til for eksempel Campus/NTNU, sentrum eller Ålesund Lufthamn Vigra.

I eit ROS perspektiv er det og grunn til nemne at Vegsundbrua er einaste alternativet for å kome seg til Ålesund sjukehus og andre viktige funksjonar innan redning samfunnsverdskap. Skulle Vegsundbrua verte steng over eit lenger tidsrom vil dette kunne få store konsekvensar for heile regionen.

Hareid kommune rår difor til at prosjektet med Borgundfjordtunnelen vert prioritert og gjennomført slik det er skissert i tråd med høyringsgrunnlaget.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Å betre infrastruktur i regionen er av stor viktigheit for å bygge ein robust og attraktiv bo- og arbeidsmarknadsregion rundt Ålesund.

For å sikre vidareutvikling av det verdiskapande næringslivet i regionen, er det difor viktig å leggje til rette for effektive kommunikasjonsløysingar, som Borgundfjordtunnelen og Hafast.

Hareid kommune sin uttale vektlegg at Borgundfjordtunnelen vil gi ein betydeleg innkorting av reisetida for trafikantar på aksen Hareid-Sula- Ålesund, men også dei som kjem frå Ørsta-Volda over Solevågen og skal til for eksempel Campus/NTNU, sentrum eller Ålesund Lufthamn Vigra.

I eit ROS perspektiv er det og grunn til nemne at Vegsundbrua er einaste alternativet for å kome seg til Ålesund sjukehus og andre viktige funksjonar innan redning samfunnsverdskap. Skulle Vegsundbrua verte steng over eit lenger tidsrom vil dette kunne få store konsekvensar for heile regionen.

Hareid kommune rår difor til at prosjektet med Borgundfjordtunnelen vert prioritert og gjennomført slik det er skissert i tråd med høyringsgrunnlaget.

Anne-Karete Mork
Utvalsekretær

Anders Riise
Ordførar